



Bjørg Rasmussen  
Spodalen 22  
5121 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1574 - 19/21576

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
03.07.2019

## Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 214/10 Fyllingsnes

Tiltak: arealoverføring  
Byggjestad: Gbnr: 214/10  
Tiltakshavar: Bjørg Rasmussen  
Ansvarleg søkjar: Bjørg Rasmussen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.05.19.

Vi seier oss leie for sein attendemelding.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig.

### Planstatus

Mottakareigedom gbnr. 214/202 og tilgrensande areal del av gbnr. 214/10 er i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA) avsett til bustadføremål.

Storleik på arealet som er søkt arealoverført krev at det vert søkt om dispensasjon frå det generelle plankravet i KPA § 1.1, vidare er mottakar eigedom gbnr. 214/202 bygd med ein bustad som er registrert som fritidsbustad, omsøkt arealoverføring og bruk av arealet er i strid med arealføremålet og krev at det vert søkt om dispensasjon frå dette.

### Nabovarsling

Søknad om frådelling og søknad om dispensasjon krev at tiltaket er nabovarsla. Vi kan ikkje sjå å ha motteke dokumentasjon på nabovarsling.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå det generelle plankravet i kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 § 1.1 samt søknad om dispensasjon frå arealbruken, mottakareigedomen er avsett til bustadføremål i kommuneplanen, bustaden på mottakareigedomen er registrert som fritidsbustad



og arealoverførigna vil vere i strid med arealbruken. Vi legg ved rettleiar til søknad om dispensasjon, sist i rettleiaren finn de eit eksempel på skjema som de kan nytte ved søknad om dispensasjon.

2. Søknad om arealoverføring og dispensasjon skal nabovarslast. De kan nytte vedlagde blankettar. Blankett nr. 5156 kvittering for nabovarsling og blankett nr. 5155 gjenpart av nabovarsling skal sendast inn til kommunen.
3. Det er i epost datert 24.05.19 vist til kartutsnitt, vi kan ikkje sjå å ha motteke dette. Vi ber om at kartutsnitt vert sendt inn på nytt.

### **Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 21.08.19.**

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

### **Til informasjon**

Grunna storleiken på arealet som er søkt overført, 400 m<sup>2</sup>, må saka handsamast av Plan- og miljøutvalet.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

5155n-opplysninger\_gjeve\_i\_nabovarsel  
5156n\_kvittering-for-nabovarsel  
Dispensasjon

### **Kopi til:**

Marit Eikefet	Haukeberget 12	5119	ULSET
Marit Eikefet	Haukeberget 12	5119	ULSET

### **Mottakarar:**

Bjørg Rasmussen	Spondalen 22	5121	ULSET
-----------------	--------------	------	-------